

# Årsmelding 2021

Norheimsund Hamneutvikling SA er eit partlag skipa 11.03.2004 der 184 parthavarar har skote inn til saman kr 630.000 i partskapital. Føremålet er hamneutvikling og drift av gjestehamn i Norheimsund. Det har ikkje vore halde årsmøte sidan 29.02.2012. Styreleiar tek det fulle ansvaret for dette. Her fylgjer årsmelding for det 18. driftsåret, 2021:

## 1. Styret

Styret har vore: Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen, Olav E. Sandven, Eivind Tysse og Geirmund Storaas (leiar). Styret har halde 6 møte i 2021 og handsama 30 saker.

## 2. Norheimsund Gjestehamn

Gjestehamna er populær og i god drift. Vinteromsetninga er basert på månadsleige og auka frå kr 92 tusen i 2020 til kr 108 tusen i 2021 trass redusert oversjøisk trafikk pga Covid-farsotten. Sommarsesongen juni, juli og august er basert på døgnleige. Frå og med 2021 har me pensjonert den gode, gamle "Honesty Box"-en og inngått avtale med selskapet GoMarina om elektronisk innkrevjing av sommarhamnpengeane som auka frå kr 218 tusen i 2020 til kr 312 tusen i 2021. Sjølv om GoMarina skal ha 10% av dette, aukar nettoen som fylgje av betre innkrevjing, men også som fylgje av auka trafikk.

## 3. Norheimsund Rib Seafari

Laget kjøpte vinteren 2018-19 ein rib av typen Humber Offshore 10 med 2 x 300 hk Suzuki-motorar for fart på Hardangerfjorden med inntil 12 passasjerar. Laget kosta turvande kursing av fire personar til å vera skipper/hovedsmann/cox om bord mot at dei på fritida fører båten på dugnad. Total investering var lånefinansiert kring kr 1,3 mill. Etter tre gode sesongar med tre daglege avgangar i juni, juli og august samt charter med kr 543 tusen, 819 tusen og 904 tusen i billettinntekter, er lånet i det store og heile betalt ned. Rib-prosjektet har vore ein stor suksess som er populært blant publikum og gjev likviditet til laget sin kasse.

## 4. Bota Bunkers

Rib-drifta sette fokus på trongen for bensinfylling mot sjø i Norheimsund. 3. oktober 2020 opna laget "Bota Bunkers", ein flytande bunkersstasjon plassert midt i Norheimsund med 6000 liter bensintank og 26.000 liter dieseltank inni ein betonglektar. Investeringsbudsjettet var på kr 2,7 mill, men me kom frå det med kr 2,5 mill takk vere stor dugnadsinnsats. Det er selt 114.000 liter diesel mot eit budsjett på 100.000 liter (+14%) og 63.000 liter bensin mot eit budsjett på 50.000 liter (+26%). Dette prosjektet må ein også tillata seg å kalla ein suksess.

## 5. Dugnad og personal

Laget vert drive på dugnad, men cox på rib på dagtid i sesong og noko vask og vedlikehald vert betalt. Styret vil særskilt nemna bås Bjarte Nygård og tømmermann Svein Petter Bårsgjære. Dei syter for nær sagt dagleg oppsyn med anlegget. Dei siste åra har laget arrangert lunch for dugnads gjengen og andre kvar dag kl 1130 i messa. Her er alle interesserte hjarteleg velkomne.

## 6. Økonomi

Omsetninga var i 2021 kr 3,2 mill (fordelt med kr 0,4 mill på gjestehamn, kr 1 mill på rib og kr 2 mill på olje) mot kr 0,4 mill totalt i 2019 før ekspansjonen byrja. Me sit att med eitt lån på kr 2,5 mill som tilsvarar investeringa i bunkerskaien. Med framleis stor dugnadsinnsats meiner styret at økonomien er under kontroll.

## 7. Takk

Norheimsund Hamneutvikling SA seglar i medvind og er vorte ein viktig bidragsytar til trivnad på heimplassen vår. Utan dei 184 parthavarane som gjennom kjøp av ein eller fleire 1000 kr-partar har gjeve laget eigenkapital, og alle andre som bidreg med godvilje eller praktisk innsats ville ikkje dette vore mogeleg. Ein stor takk til alle.

Norheimsund, 24.01.2022

Styret

Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen

Olav E. Sandven, Eivind Tysse

Geirmund Storaas (leiar)

*Geirmund Storaas*